



Ortnevik Grendelag

## Desember 2015.

Joar målte 368 mm. nedbør i desember. **Årsnedbør 2015 = 1901 mm.**

### Lokalt værvarsel:



Når hegren flyg inn i Vassdalen vert det regn eller snø neste dag.  
Ser du hegren kjem flygande ut frå Vassdalen, vert det fint vær neste dag.

---


Dette har hegren halde på med i alle år og det er eit vèrteikn som ikkje sler feil.

### Gudsteneste julafta:

Prost Geir kom og heldt julegudsteneste.

Kyrkja stilte med to organistar for dagen, Anders og Tony delte på å gje oss fin musikk frå galleriet.

Guri Line spela tverrfløyte



Guri Line

Gudsteneste i Ortnevik, januar 2016: 3 jan. kl 1100 v/ Andreas Ester.

### Omsnudd butikk.

Butikkdame Ingrid har vore med på kurs i Merkur-programmet. Siste møtet var i Ortnevik og deltakarane fann det rett å snu om på inventaret i butikken.  
- No er det plass til ein dans ved inngangen



### **Filmframsyning.**

Andre juledag var det gratisframsyning av filmen ”Jul i Flåklypa”, i Grendehuset.

Der var og sosialt samvere, frå bordet kunne me forsyne oss med kaffi, julebrus og julekaker.

Takk til Janne for tiltaket!



-----

**Arbeidet med kveiteoppdrett i bygda går sin gang.** I avisa ”Ytre Sogn” 18 desember -15, kunne me lese ei svært god orientering om mange forhold ved kveiteoppdrettet. For dei som ikkje les denne avisa, har me fått lov å ta innlegget med her:

*” may.britt.eide@ytresogn.no*

### **Manglar bustader til nye tilsette**

**Skal vi greie å byggje opp den organisasjonen vi vil ha, treng vi fleire bustader.**

**Helst i Bjordal og Ortnevik, seier Jan Brekke, dagleg leiar i Sogn Aqua, til Ytre Sogn.**

Han tok opp utfordringane med å finne bustader til sine tilsette då han i førre veke var invitert til å snakke om bedrifta si på Høyanger Næringsutvikling (HNU) sitt styremøte.

Møtet var lagt til Ortnevik, der han skal investere til saman 85 millionar kroner i eit nytt, stort landbasert oppdrettsanlegg for kveite. I løpet av nokre år vil det ikkje berre mangedoble produksjonen til Sogn Aqua, men også tilføre den vesle bygda på Høyanger sørsida nye, viktige arbeidsplassar.

### **Byggje organisasjon**

- Bustader – og etter kvart også tomter – blir viktig framover, ikkje minst med tanke på at vi skal byggje opp ein heilt ny organisasjon. Vi vil ha folk som blir verande ikkje berre i eit eller to år, men gjerne både i 5, 10 og 15 år, og då må vi ha noko å tilby dei. Det er vi avhengige av, skal vi få til ein god, stabil organisasjon. Får vi ikkje tak i dei rette folka – og får dei til å ville bli – får vi ikkje bygd det selskapet vi ønskjer, seier Jan Brekke, dagleg leiar i Sogn Aqua, til Ytre Sogn.

Utfordringa er mangelen på bustader. –For å løyse det har vi blant anna leigd hytter. Men det er berre i vinterhalvåret. I sommarhalvåret brukar folk dei sjølve. Det seier seg sjølv at dette ikkje er noko fullgod løysing, i alle fall ikkje i lengda.

–Vi har jobbar å tilby, men ikkje bustader, seier Brekke og fortel at dei allereie over sommaren neste år vil trenge fleire, når anlegget i Ortnevik kjem i drift. Primært ønskjer han bustader i, eller i nærleiken av, Bjordal og Ortnevik. –Når det gjeld ei meir permanent løysing – då snakkar vi ikkje berre om gjennomgangs-bustader, men også tomter – bør vi i alle fall ha det på plass i løpet av fem-seks år. Difor håpar vi no å få blant andre Høyanger kommune på bana.

### **Treng bustader no**

Sogn Aqua er ikkje einaste bedrifta som etterlyser fleire bustader på sørsida. For Osland Havbruk er behovet endå meir prekært. Dei er i gang med å byggje nytt settefiskanlegg Sørebø, og etter planen vil det stå ferdig i mars neste år.

–Vi har to jobbar som vi no skal tilsetje folk i. Faktisk hadde vi dei inne til intervju denne veka. Og då kjem spørsmålet om bustader opp med ein gong. Men akkurat no er hytter det einaste vi har å tilby, og det er berre fram til april neste år. Etter den tid veit vi ikkje kvar dei skal bu. Det er ein fortvilande situasjon, rett og slett, seier driftsleiar Johnny Kalstad til Ytre Sogn. Litt fram i tid kan det bli endå to jobbar, og då har bedrifta same utfordringa igjen. –Det er ikkje enkelt å få folk til å seie opp ein annan jobb og flytte hit når vi ikkje har bustader til dei, seier han.

I første omgang etterlyser dei gjennomgangsbustader. –Men på sikt vil det nok også vere behov for tomter. Vi ønskjer jo at folk blir lengst mogleg, seier Kalstad. Ordførar Petter Sortland vel å sjå positivt på utfordringa frå både Jan Brekke og Jonny Kalstad –Ikkje noko er meir positivt for ein ordførar å høyre, enn at bedrifter i kommunen signaliserer vekst. Men i kjølvatnet av det følgjer utfordringar, som å skaffe bustader og tomter. Det må vi prøve å møte på ein offensiv måte, seier han til Ytre Sogn.

### **Privat initiativ**

Når det gjeld konkrete tomter nemner han blant anna Furuneset, ved Ortnevik, som no er teke opp att. Tidlegare har det vore snakk om fem tomter i området. –Det bør prioriterast å få realisert, seier ordføraren.

Han nemner også eit kommunalt bustadfelt i Søreide, ikkje langt frå Bjordal, som ikkje er fullt utbygd. –Eg må også nemne ordninga vår, med 200.000 kroner i tilskot når bustaden står ferdig. Det gjeld i heile kommunen, seier Sortland.

–Elles når det gjeld bustadfelt peikar han på at det kostar mykje å opparbeide infrastrukturen.

–Vi er nyleg ferdige med bustadfeltet i Lavik, der responsen førebels har lete seg vente på. No er det ønskje om bustadfelt andre stader i kommunen, blant anna i Vadheim og Kyrkjebø, og då er vi nøydde til å gjere prioriteringar. Vi kan ikkje byggje ut nye felt i alle bygder samstundes, seier han.

–Difor ser han føre seg at det må komme private initiativ, også når det gjeld oppføring av bustader.

– Om nokon vil byggje for å leige ut eller selje til dømes to- eller firemannsbustader er det også interessant for oss. Vi har eigne behov når det gjeld kommunale bustader, seier han og viser til at det i neste års budsjett ligg inne kjøp av bustader i Lavik og Kyrkjebø.

### **Vart ønska velkomne til Ortnevik**

**Leiar Inge Brekke i Ortnevik grendelag møtte oppfor å ønskje Jan Brekke og bedrifta hans Sogn Aqua velkomne til Ortnevik. Det meinte han heile bygda var med på.**

**– Men vi har også forventningar, sa han.**

Det handlar framfor alt om nye arbeidsplassar i bygda. Sjølv har bedrifta antyda 6-8 totalt. –Det er bra for ei bygd som Ortnevik, der arbeidsplassar i stor grad har vore knytta til jordbruk. Siste åra har fleire av dei blitt vekke. Men no kjem det nye som vil erstatte dei. Det er vi glade for, sa grendelagsleiar Inge Brekke til Jan Brekke og dei andre, på styremøtet i Høyanger Næringsutvikling (HNU).

–Vi har fått rett mann på rett plass, meinte han. Brekke sa at det også skaper forventningar om at nokre av dei kjem til å busetje seg. –Så får vi håpe at vi har tomter og bustader å tilby dei.

Når det gjeld sjølve anlegget til Sogn Aqua, meiner han at det er løyst på ein god måte. Det er både langsiktig og berekraftig, meiner han og viser til at dei tenkjer økologi når dei byggje det.

–Ortnevik er tufta på natur og friluftsliv, og eg trur ikkje anlegget til Sogn Aqua vil forringe dei verdiane. Det vil gli bra inn i landskapet, slik det framstår estetisk. –Det høver godt til det eksklusive produktet som vil komme herifrå, seier han. – Så no gler vi oss til å sjå korleis det utviklar seg.

### Starta gravearbeidet

Jan Brekke i Sogn Aqua takka for dei flotte orda. –Eg var usikker på korleis anlegget ville bli motteke tilbake i 2011, då eg byrja å leggje planar. Men etterpå har tilbakemeldingane berre vore positive sa han til Inge Brekke og dei andre på møtet. No er han glad for å vere i gang i Ortnevik, etter at gravearbeidet starta opp i førre månad. –Eg føler at ting har falle på plass rimeleg greitt undervegs, på grunn av velvilje både hos grunneigarar, kommune og næringsapparat, seier han. Totalt vil det nye landbaserte oppdrettsanlegget leggje beslag på eit rundt 20 mål stort område ved fjordkanten i Ortnevik. Av dette vil produksjonsarealet utgjere omtrent halvparten.

–I dag produserer vi 50-60 tonn kveite på det landbaserte anlegget vårt i Slantevika, nokre kilometer lenger vest. Med det nye anlegget i Ortnevik kjem vi i løpet av nokre år opp i 700-800 tonn, seier han.

I tillegg til sjølve anlegget – bestående av fire modular, kvar på 2000 kubikkmeter – blir det også servicebygg og pumpehus med røyr som går ut i fjorden og hentar opp det kalde, reine vatnet. Det skal halde ein temperatur på 8-10 grader heile året, for å gjenskape miljøet til villkveita. Samstundes med at dei byggjer nytt i Ortnevik, vil anlegget i Slantevika bli ombygd til setjefisk, der ein har yngel frå dei er 5 til 500 gram. Deretter skal dei fraktast inn til anlegget i Ortnevik. – Vi prøver også å få til yngelproduksjon på Sæter, lenger utover fjorden. Testane så langt har vore positive, og får vi det til, betyr det at kveita vår blir eit reint sogneprodukt, seier han.

*Grendelagsleiar Inge Brekke (t.h.) ønska Jan Brekke og hans Sogn Aqua velkomne til Ortnevik.*

”



-----

*Med helsing Ortnevik Grendelag: Godt nytt år!*